



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Møtedato: 06.06.2024
Møtestad: Digitalt, epostmøte
Møtetid: kl 19.00 - 23.00
Tidsbruk: 1 time
Førebuingstid: -

Sakspapir blei sendt ut 06.06.2024. Alle svar blei gitt same dag, der kopi blei sendt til alle i møte.

Møteboka er elektronisk godkjend av deltakarane i møte.

Møtedeltakarar	
Bertin Bjåen	
Elin Ringhus	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Lill Synnøve Laugaland	

Andre:

Møtesekretær:
Jarle Lunde

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
024/24	Uttale til «Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet»	
025/24	Behandling av klage på vedtak av fellingskvote 2024, Setesdal Ryfylke villreinområde	

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/862

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	06.06.2024

Uttale til «Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet»

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda for Setesdalsområdet sluttar seg til forslag til uttale frå Villreinnemnda for Rondane og Sølnekletten v/ Marit Vorkinn, og ønsker å sende ein felles uttale saman med dei andre villreinnemndene som velje å slutte seg til uttalen. Ei føresetnad er at ordlyd i uttalen tilpassast for å inkludere alle avsendarane.

Sand, 12.06.2024

Saka

«Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet» er på høyring fram til 12. juni.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-nye-statlige-planretningslinjer-for-arealbruk-og-mobilitet/id3027719/?expand=horingsnotater>

Villreinnemndene er ikkje på høyringslista, sjølv om retningslinjene nå har fått eit eiga avsnitt om villrein (3.8), i tillegg til at villrein er nemnt under 3.5 Fritidsboliger. Det er henvist til desse frå Stortingsmeldinga om villrein, som eit verkemiddel for å oppnå heilskapleg og restriktiv arealforvaltning.

Sekretariatet er gjort merksam på høyringa frå andre villreinnemndsekretærar. Det er foreslått ei felles uttale frå nemndene og vår nemnd er førespurt om me vil vere med på dette.

Vedlagt er eit utkast som vil bli noko omarbeid.

Vurdering

Sekretariatet syns det er beklageleg at villreinnemnda ikkje er tilsendt høyringspapir og heller ikkje har «fanga» opp saka tidlegare.

Det er likevel positivt at det her blir teke initiativ til ei felles uttale frå nemndene. Den viktigaste budskapet er at det trengs retningslinjer som ikkje berre forhindrar nye inngrep, men som også bidreg til å betre kvaliteten på villreinområda.

06.06.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 024/24 Vedtak:

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda for Setesdalsområdet sluttar seg til forslag til uttale frå Villreinnemnda for Rondane og Sølknletten v/ Marit Vorkinn, og ønsker å sende ein felles uttale saman med dei andre villreinnemndene som velje å slutte seg til uttalen. Ei føresetnad er at ordlyd i uttalen tilpassast for å inkludere alle avsendarane.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	24/486

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	06.06.2024

Behandling av klage på vedtak av fellingskvote 2024, Setesdal Ryfylke villreinområde

Forslag til vedtak

Etter forvaltningslova § 33 avviser villreinnemnda klaga. Vilkåra for å behandla klaga er ikkje oppfylt ettersom klaga er mottatt etter klagefrist. Det er heller ikkje særlege viktige interesser som står på spel.

Sand, 12.06.2024

Dokumentliste:

Klage på vedtak - fellingskvote 2024

Villreinnemnda for Setesdalsområdet gjorde følgjande vedtak den 24.april 2024:

VRN - 015/24 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 6.0 km² i nordområdet og fredning i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 328 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:

	Bukk	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	0%	40 %	0	20 %	40 %
Sør	0%	0%	0%	0%	0%

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka

- talet på CWD-prøver av felte vaksne villrein
- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

Vedtaket blei sendt Setesdal Ryfylke villreinlag og alle valdansvarlege i aktive vald den 06.05.2024.

Jamfør § 36 i hjorteviltforskrifta kan det fremmast klage på enkeltvedtak med heimel i forskrifta. Dette i samsvar med reglane i forvaltningslova. Klageinstans for villreinnemnda sine vedtak er Miljødirektoratet. Klagefrist er 3 veker rekna frå mottak av melding. Klaga skal stillast Miljødirektoratet, men sendast villreinnemnda.

Margit Dale, grunneigar og rettighetshavar for Gnr 27 bnr 5 i Valle kommune har i e-post datert 03.06.2024 klage på vedtaket. I klaga heiter det:

«Eg klagar med dette på vedtakets del om fredning i sør. Grunngevinga for klaga er at det er svært usikkert kor mange dyr som er i sørområdet. Dersom det er lite dyr så er det og usikkert kva som er årsakene til dette. Ein har ikkje kunnskap som trekk i retning av at årsaka er nedskjoting.

Av omsyn til villreinstamma bør det være ei viss nedskjoting og spesielt av bukk i sørområdet. Det er og naudsynt at det vert tatt CWD prøver i dette området for å ha ei oversikt over sjukdomen. Jegarar i området gjev betre oversikt over situasjonen.

Eg vart fyrst kjend med dette vedtaket etter ei orientering i eit møte i førre veke og håper klaga kan behandlast sjølv om den kjem noko seint

Vurdering

Innhaldet i klaga

Det kjem ikkje fram moment i klaga som er nye i saka. Bestandsstorleik, behov for CWD-prøver og viktigheita med jegerar i terrenget har vore vurdert i saka.

Vurdering av klaga i forhold til reglar ved klagebehandling

Etter forvaltningslova § 28 er det partar og andre med rettslig klageinteresse som har klagerett. Klagar er rettighetshavar i Setesdal Ryfylke villreinområde og er vurdert å ha klagerett.

Klagefrist er 3 veker (§ 29). Klaga blei sendt villreinnemnda 03.06.2024. Dette er etter klagefrist som var 27.05.2024.

Jamfør § 33(saksforberedelsen i klagesak) skal underinstansen, altså villreinnemnda i denne saka, «oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»
Jamfør § 31 kan klage som ikkje er innafør klagefristen likevel kunne behandlast dersom

1. *parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*
2. *det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.*

Villreinnemnda har sendt vedtaket og orientering om tre vekers klagefrist til Setesdal Ryfylke villreinlag, og alle valdansvarlege i villreinområde. Det er desse som av jaktrettshaverne er valt til å opptre på vegne av valda overfor forvaltningsmyndigheta. I kva grad valdansvarlege informerar alle rettighetshaverar i valdet kan nok variera, men her har også rettighetshaverar sjølv eit ansvar.

Villreinnemnda sitt vedtak om freding i sørområdet var i samsvar med Setesdal Ryfylke villreinlag si tilråding etter vedtak i lagets årsmøte. Vedtaket var ikkje i samsvar med sekretariatet si innstilling.

Etter vedtaket er kvote registrert i hjorteviltregisteret og kvote er fordelt på vald. Kontrollkort er mottatt frå Miljødirektoratet og er klare til å bli sendt ut til valdansvarlege i tråd med vedtak.

Uavhengig av om fristen er over, opnar forvaltningslova å ta ein klage under behandling når det føreligg «særlige grunner» som til dømes viktige interesser som står på spel.

Sekretariatet kan ikkje sjå at dette er tilfelle i denne saka.

Konklusjon

Klageinstansen skal etter forvaltningslova avvise ein klage dersom vilkåra for å behandla klaga ikkje er oppfylt. Etter sekretariatet sitt syn gjeld dette i denne saka ettersom klage ikkje er innafør klagefrist. Det er heller ikkje særlege viktige interesser som står på spel.

06.06.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 025/24 Vedtak:

Etter forvaltningslova § 33 avviser villreinnemnda klaga. Vilkåra for å behandla klaga er ikkje oppfylt ettersom klaga er mottatt etter klagefrist. Det er heller ikkje særlege viktige interesser som står på spel.